

# BACHELOROPPGÅVE

Utfordringar knytt til utanlandsadopsjon i Norge

Challenges related to intercountry adoption in  
Norway

**Kandidatnummer: 467**

Namn på bachelorprogrammet: BSV5-300

Bacheloroppgåve

Fakultet/Institutt/program: Fakultet for helse- og  
sosialvitskap

Innleveringsdato: 30.05.2022 kl. 14.00

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle  
kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.*

## **Utfordringar knytt til utanlandsadopsjon i Norge**

### **Abstract**

Internationally adopted children as a group are at risk of developing several difficulties, in comparison to non-adopted kids. In this assignment I have explored and discussed three major topics that I have related to this group of children. These topics are attachment issues, resiliens and acquiring of language. The method used in this assignment is literature analysis, which furthermore is based upon three scientific articles. These articles are: Fostering security? A meta-analysis of attachment in adopted children, Suicide, psychiatry illness, and social maladjustment in intercountry adoptees in Sweden: a cohort study and How well do children who are internationally adopted acquire languages? A meta-analysis.

The issue I have chosen for this assignment is: What challenges related to intercountry adoption can children between age 0-5 years' experience in Norway. A few of the findings I have found, is that children who are internationally adopted as a group, have a higher risk of developing attachment issues and more difficulty acquiring a language. Besides these children also have a higher risk of suffering from psychiatric illness, drug abuse and social maladjustment in the country they been adopted to. Nevertheless, is there a significant group of these children who manage to develop resiliens against their difficulties.

## Innhaldsliste

<b>1.0 Innleiing .....</b>	4
<b>1.1 Den norske adopsjonshistoria .....</b>	4
<b>1.2 Presentasjon av problemstilling og avgrensingar .....</b>	5
<b>1.3 Sentrale omgrep.....</b>	6
<b>2.0 Adopsjonsprosessen: vegen frå draumen om eit barn til barnet er der ...</b>	6
<b>2.1 Dei juridiske rammene for adopsjon .....</b>	7
<b>2.2 Instansane i ei adopsjonssak og oppgåvene deira .....</b>	8
<b>2.3 Kriteria for å få lov til å adoptere .....</b>	9
<b>3.0 Metode.....</b>	10
<b>3.1 Empiri .....</b>	11
<b>3.2 Kjeldekritikk.....</b>	15
<b>3.3 Tematisering av funn i artiklane .....</b>	16
<b>4.0 Teori.....</b>	16
<b>4.1 Tilknyting .....</b>	17
<b>4.2 Resiliens .....</b>	18
<b>5.0 Utfordringar som adopterte barn kan oppleve i Norge .....</b>	19
<b>5.1 Tilknyting .....</b>	19
<b>5.2 Resiliens .....</b>	21
<b>5.3 Språk .....</b>	23
<b>6.0 Oppsummering.....</b>	25
<b>7.0 Litteraturliste .....</b>	26

## 1.0 Innleiing

Bakgrunnen for at eg har valt å skrive bacheloroppgåva mi om utanlandsadopsjon, er fordi dette er eit viktig tema for meg, blant anna grunna at eg sjølv er adoptert. Som ei følgje av dette, har eg lenge vore interessert i å vite meir om kva adopsjon inneber, og korleis det går med dei barna som blir adopterte til Norge. Dette særleg med tanke på den debatten som har oppstått dei siste åra knytt til mangelen på oppfølging i etterkant av adopsjonen, som mange utanlandsadopterte og familiane deira opplever (Buer, 2019). Med tanke på at det i dag er over 20 000 barn som er utanlandsadopterte i Norge, vil dette difor omfatte ei relativt stor gruppe av barn og unge i samfunnet (Dalen, 2021).

Med tanke på den framtidige profesjonen min som barnevernspedagog, meiner eg at dette temaet også vil vere relevant for det framtidige yrket mitt. Dette grunna at det kommunale barnevernet har eit viktig ansvar for å forberede adoptivforeldra i førekant av adopsjonen, og for å følgje opp desse familiane i ettertid. Likevel er det mange i det kommunale barnevernet eller andre offentlege hjelpeinstansar som ofte har lite eller ingen kunnskap om utanlandsadopsjon, og dei særskilte utfordringane som mange utanlandsadopterte barn og unge kan oppleve (Folkehelseinstituttet, 2021, s. 104-105). I tillegg er dette noko eg har opplevd at ein lærer minimalt om på barnevernssstudiet.

### 1.1 Den norske adopsjonshistoria

Den moderne adopsjonshistoria i Norge begynte allereie i 1917. Då kom den første adopsjonslova, som hadde fokus på det biologiske aspektet ved adopsjonen. Dette gjennom at ein ikkje braut dei juridiske banda som eksisterte mellom dei biologiske foreldra og barnet. I 1986 kom det ei ny adopsjonslov som følgje av den auka trenden med utanlandsadopsjon. Det mest sentrale i den nye lova, var at omsynet til barnets beste blei eit grunnleggjande krav for all vidare adopsjonspraksis. Også den adopterte sin rett til å få informasjon om sine biologiske foreldre blei styrka gjennom denne lova (Adopsjonsloven, 1986, §§ 2 og 12). Dagens adopsjonslov frå 2017 vidarefører og styrker prinsippa i lova frå 1986, særleg knytt til prinsippet barnets beste, og vart satt i verk i 2018 (Adopsjonsloven, 2017).

Barne, ungdoms og familieetaten (Bufetat) er den offentlege instansen som har ansvaret for å gje løyve, dvs. bevilling for at nokon skal få lov til å adoptere. Ei slik bevilling kan berre givast når ein vurderer at adopsjonen vil vere til barnets beste. I Norge er det tre adopsjonsorganisasjonar som har lov til å formidle utanlandsadopsjon. Desse organisasjonane er Verdens Barn, Adopsjonsforum og InorAdopt (Bufdir, u. å.). I Norge har utanlandsadopsjon gått gjennom ei stor forandring i løpet av dei ca. 50 åra ein har gjennomført internasjonale adopsjonar, frå den spede byrjinga på 1970-talet, til ein nådde toppen på 1990 og 2000-talet, og til dagens situasjon med svært få utanlandsadopsjonar (Naz, 2019).

Ei årsak til denne store nedgangen i utanlandsadopsjonar dei siste åra, er at det er færre barn som blir frigjort for utanlandsk adopsjon frå dei tradisjonelle adopsjonslanda enn tidlegare. Som ein følgje av denne nedgangen i talet på adopsjonar internasjonalt, er dei barna som blir frigjort for utanlandsadopsjon i dag, generelt mye eldre enn tidlegare. Ofte har dei også store helseutfordringar eller andre typar utfordringar, noko som gjer at dei oftare enn tidlegare har eit særskilt omsorgsbehov (Folkehelseinstituttet, 2021, s. 14).

## **1.2 Presentasjon av problemstilling og avgrensingar**

Problemstillinga for denne oppgåva er «kva utfordringar kan utanlandsadopterte barn i alderen 0-5 år møte på i Norge».

Eg har valt å avgrense temaet for oppgåva til utanlandsadopsjon, og kva utfordringar utanlandsadopterte kan møte i Norge, med fokus på barn i aldersgruppa 0-5 år. Årsaka til at eg har vald å skrive oppgåva om dette temaet, er at dette er noko eg personleg er veldig interessert i, og difor ønskjer å utforske vidare. Eg er klar over at det også finst andre former for adopsjon, og at det også er barn over fem år som blir utanlandsadopterte. Når eg har vald å avgrense problemstillinga min til å berre omfatte aldersgruppa 0-5 år, er det fordi eg ønskjer å fokusere spesifikt på kva utfordringar dei minste barna kan oppleve i ettertid av ein adopsjon. Dette fordi eg ofte opplever at desse barna vert litt gløymde i diskusjonar kring adopsjon og utfordringar knytt til det. Ein grunn til dette, trur eg kan vere at omgjevnadane tenkjer at det vert lettare for dei minste barna å tilpasse seg det nye livet i Norge, samanlikna med større barna. Dette

kan ha bakgrunn i at dei minste barna ofte har opphalde seg mindre i opphavslanet sitt.

Eg er klar over at også dei større barna kan ha utfordringar knytt til adopsjon, men ser heller på denne aldersgruppa som eit tema det kan vere spennande å fordjupe seg i ved ein annan anledning. Dette blant anna for å sjå om dei har andre, eller meir alvorlege utfordringar enn dei minste barna.

### **1.3 Sentrale omgrep**

I denne delen av oppgåva mi vil eg definere nokre grunnleggjande omgrep, som eg kjem til å nytte meg av vidare.

Adopsjon:

Adopsjon kan definerast som at adoptivbarnet får den same rettslege statusen som vedkommande hadde fått, dersom barnet var adoptivforeldra sitt biologiske barn. Føremålet med all adopsjonspraksis, er å gi ein trygg, god og varig heim til barn som ikkje kan bli ivaretatt av sine biologiske foreldre (Bufdir, u. å.).

Utanlandsadopsjon:

Utanlandsadopsjon er i utgangspunktet det same som vanleg adopsjon, men omfattar adopsjon på tvers av landegrensene, dvs. at eit barn frå eit land vert adoptert til eit anna land. I Norge er det som hovudregel strengare reglar for kven som får lov til å utanlandsadoptere, i forhold til andre former for adopsjonar, slik som for eksempel innanlandsadopsjon eller stebarnsadopsjon (Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, 2020, s. 32-39).

### **2.0 Adopsjonsprosessen: vegen frå draumen om eit barn til barnet er der**

For alle familiar som ønskjer å få oppfylt draumen om eit barn gjennom adopsjon, er godkjenningsprosessen eit viktig steg i prosessen for å få lov til å adoptere. Eg har valt å basere denne delen på eit rundskriv som Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, heretter omtalt som Bufdir, har gitt ut knytt til saksbehandlinga ved adopsjonssøknader, som omfattar både innanlands- og utanlandsadopsjon. Ettersom

eg har fokus på utanlandsadopsjon, tar eg difor utgangspunkt i vurderingane og kriteria som berre gjeld for utanlandsadopsjon.

## **2.1 Dei juridiske rammene for adopsjon**

Den lova som i hovudsak legg det juridiske grunnlaget for all adopsjonspraksis i Norge er adopsjonslova frå 2017, der det står i § 1 at føremålet med lova er at barnet skal sikrast ein trygg oppvekst, gjennom at det vert etablert varige rettslege band mellom adoptivforeldra og adoptivbarnet (Adopsjonsloven, 2017, § 1). Det rettslege bandet mellom adoptivforeldre og adoptivbarnet er det same som om foreldra og barnet er biologisk i slekt med kvarandre.

Eit viktig utgangspunkt for å forstå dei juridiske rammene rundt den norske adopsjonspraksisen, er eit rundskriv utgitt av Bufdir frå 2020. Dette rundskrivet tar for seg korleis saksbehandlinga ved adopsjonssøknader vert gjennomført. Rundskrivet gjeld for alle adopsjonssøknader som Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat) mottar frå og med 1. juli 2018, og er tiltenkt både adopsjonsorganisasjonane, kommunane og det faglege rådgivande utvalet for adopsjonssaker. Rundskrivet byggjer på reglane knytt til adopsjon som ein finn i både nasjonale og internasjonale lover og reglar. I tillegg omhandlar det kva roller kommunane, Bufdir og Bufetat har ved adopsjonssøknader (Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, 2020, s. 2).

Andre viktige lover og reglar som regulerer og set rammer for norsk adopsjonspraksis, er blant anna FNs barnekonvensjon (BK) og Haagkonvensjonen om vern av barn og samarbeid ved internasjonale adopsjonar av 1993 som Norge har ratifisert, heretter berre omtalt som Haagkonvensjonen. I begge desse to konvensjonane og i den norske adopsjonslova, går det fram at adopsjon berre skal gjennomførast dersom det vil vere til barnets beste. Adopsjonslova stiller krav om at valet om adopsjon skal stå fram som det «klart» beste alternativet for barnet. Kva som inneber at noko er «klart» best, er forskjellig frå eit barn til eit anna, og ein er difor nøydd til å vurdere kvar adopsjonssak individuelt (Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, 2020, s. 13-14).

## 2.2 Instansane i ei adopsjonssak og oppgåvene deira

Både offentlege instansar og frivillige organisasjonar har lovpålagede oppgåver i adopsjonsprosessen. Eg vil no kort gå nærmare inn på dei ulike instansane i ein slik prosess.

Kommunane:

Det kommunale nivået er det nedste nivået i ein adopsjonsprosess, og det er difor barnevernstenesta som handterer dette i kvar enkelt kommunane. Hovudoppgåva til kommunane ved ein adopsjonssøknad, er stort sett å hjelpe Bufetat, dersom det er behov for å innhente meir informasjon knytt til adopsjonssøknadane (Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, 2020, s. 12).

Adopsjonsorganisasjonane:

I Norge er det tre adopsjonsorganisasjonar som har løyve til å formidle adopsjonar frå utlandet. Desse tre er Verdens Barn, InorAdopt og Adopsjonsforum (Regjeringa, 2019). Hovudoppgåva til adopsjonsorganisasjonane er å følge opp og rettleie søkerar som ønsker å adoptere, både før, underveis og i etterkant av adopsjonen, dersom det er behov for dette. Dei er ofte den første instansen som vurderer adoptivsøkjarane. For at adopsjonsorganisasjonane skal kunne formidle adopsjon, må søkerane ha førehandsamtykke for å adoptere frå Bufetat. Med andre ord utgjer adopsjonsorganisasjonane bindeleddet mellom søkeren, norske myndigheiter og myndighetene i opphavslandet (Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, 2020, s. 11-12).

Bufetat:

Bufetat har på same måte som Bufdir fått delegert fleire av oppgåvene knytt til adopsjon frå barne- og familidepartementet. Nokre av desse oppgåvene er blant anna at regionskontora til Bufetat har ansvar for å utgreie og avgjere adopsjonssøknader gjennom å lage ein sosialrapport. Denne sosialrapporten vert lagt til grunn for å vurdere om adoptivsøkjarane oppfyller dei krava som vert stilt av både nasjonale myndigheiter og myndighetene i det landet ein ønsker å adoptere frå. I tillegg har også Bufetat ansvaret for at det vert sendt rapportar om adoptivbarnets tilpassing i Norge i etterkant av adopsjonen, dersom myndighetene

frå det landet barnet er adoptert frå krev dette (Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, 2020, s. 10).

Bufdir:

Barne og familiedepartementet er den overordna instansen som har myndigkeit innanfor adopsjonsfeltet etter adopsjonslova § 3. Departementet har i sin tur delegert delar av oppgåvene som adopsjonslova pålegg dei over til Bufdir. Som sentralmyndigkeit har Bufdir blant anna det overordna ansvaret for å godkjenne og følgje opp dei adopsjonsorganisasjonane som har løyve til å gjennomføre adopsjonsformidling i Norge. Bufdir har også ansvaret for å gje adopterte og deira etterkommarar opplysningar om kven som er deira biologiske foreldre i adopsjonssaker, jf. adopsjonslova § 39 (Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, 2020, s. 9).

Det faglege rådgivande utvalet for adopsjonssaker:

Det faglege rådgivande utvalet for adopsjonssaker vert oppnemnt av barne og familiedepartementet for ein periode på to år. Utvalet består av tre medlemmer. Den eine medlemmen må vere ein psykolog eller psykiater med klinisk erfaring i arbeid med barn. Den andre medlemmen må vere ein psykolog eller psykiater med klinisk erfaring i arbeid med vaksne, og den siste medlemmen må vere ein lege i allmennmedisin. Oppgåva til dette utvalet er først og fremst å hjelpe adopsjonsmyndigkeitene i deira arbeid med å vurdere søknader ved utanlandsadopsjon av barn over fem år, store søskengrupper og i sakar med barn som har eit særskilt behov for oppfølging (Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, 2020, s. 13).

### **2.3 Kriteria for å få lov til å adoptere**

Det viktigaste kriteriet og heile grunnlaget for all adopsjonspraksis i Norge, enten det er snakk om innlands- eller utanlandsadopsjon, er at adopsjonen skal vere til barnets beste. Prinsippet om barnets beste er fastsett i både adopsjonslova, Haagkonvensjonen og FNs barnekonvensjon (BK) (Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, 2020, s. 13). I tillegg til dette kravet, er det også andre kriteria for å få lov til å adoptere i Norge. Nokre av desse kriteria er generelle, mens andre gjeld

spesifikt for utanlandsadopsjon. Nokre av dei generelle kriteria er at dei som ønskjer å adoptere, må vere over 25 år og som hovudregel vere gift eller sambuarar (Barne-, ungdoms- og familielidirektoratet, 2020, s. 14).

Ved utanlandsadopsjon gjelder det i tillegg til desse generelle kriteria, også nokre spesifikke krav. Dette omfattar blant anna at søkerane må få formidlingsløyve frå ein godkjent adopsjonsorganisasjon, dvs. at adopsjonsorganisasjonen kan ta ansvar for å formidle adopsjonen til søkerane frå eit godkjend land. Ved godkjent formidlingsløyve må søkerane vidare delta på eit adopsjonsforberedande kurs, der dei vert forberedt på kva adopsjon innebere, både for dei og for barnet som kjem. I tillegg må søkerane få førehandssamtykke til å adoptere frå norske adopsjonsmyndigheter. Dette førehandssamtykket for å adoptere, skal byggje på at søkerane viser seg som eigna og motivert for å adoptere, og oppfyller dei krava som vert stilt til dei (Barne-, ungdoms- og familielidirektoratet, 2020, s. 32-34).

### **3.0 Metode**

I denne oppgåva har eg valt å bruke litteraturstudie som metode for å svare på problemstillinga mi. Litteraturstudie inneber at ein har eit tema eller ei problemstilling, som ein ønskjer å finne meir informasjon om gjennom undersøking og analysering. For at ein kan bruke litteraturstudie på ein vitskapleg måte, er det viktig at ein analyserer den valte litteraturen systematisk, med tydelege vurderings- og eksklusjonskriteria (Aveyard, 2019, s. 2-3). Dei søkjeorda eg brukte mest var temaorda resiliens, tilknyting og språk, i samband med utanlandsadopsjon. For ein meir utfyllande søkerlogg, vil eg vise til vedlagt vedlegg.

Bakgrunnen for at eg har valt å bruke litteraturstudie som metode, var at eg vurderte det som at det ville ha blitt vanskeleg for meg å nytte andre former for metodiske tilnærmingar, slik som til dømes intervju. Dette med bakgrunn i at det ville ha blitt vanskeleg å forholde seg nøytralt til intervjuobjekta, ettersom eg sjølv er adoptert, og at dette aspektet mest sannsynleg ville bevisst eller ubevisst ha påverka intervjuet. I tillegg hadde vi for bacheloroppgåva vår, berre moglegheit til å undersøke vaksne, dvs. dei som er over myndigheitsalderen. Med utgangspunkt i dette valte eg difor

litteraturstudie, framfor andre metodar for innhenting av data, slik som intervju og spørjeundersøking.

### 3.1 Empiri

Bruk av empiri i vitskapen er kjenneteikna av at ein byggjer kunnskap og innsikt på bakgrunn av observasjonar og testing av påstandar (teori) om korleis verkelegheita er. For å komme fram til kunnskap basert på empiri, må ein difor gjennomføre vitskaplege observasjonar og testing av eit bestemt område av verkelegheita, som ein ønskjer å utforske vidare (Aveyard, 2019, s. 8-9). Eg har valt å analysere tre forskingsartiklar, som eg kjem til å bruke som utgangspunkt for den vidare drøftinga.

Eg vil no gje ein kort presentasjon av desse tre artiklane.

#### **Artikkelen 1: Suicide, psychiatric illness, and social maladjustment in intercountry adoptees in Sweden: a cohort study:**

Denne artikkelen tar for seg korleis utanlandsadopterte barn i Sverige klarar seg i etterkant av adopsjonen, og har fokus på psykisk helse og sosial mistilpassing. Artikkelen er skriven av Anders Hjern, Frank Lindblad og Bo Vinnerljung, og er publisert i tidsskiftet The Lancet. Vidare undersøker den korleis utanlandsadopterte klarar seg målt opp mot bestemte kriteria. Desse kriteria som forskarane valde er sjølvmort, psykiske utfordringar, rusmiddelmisbruk og kriminalitet.

For å måle psykiske utfordringar i forskingsgruppa, brukar forfattarane sjølvmort eller sjølvmordsforsøk og psykiatrisk behandling som indikatorar. Indikatorane forfattarane brukar på å måle sosial mistilpassing, er alkoholmisbruk, stoffmisbruk, kriminalitet og fengselsopphald. Dette bidrog til at det vart lettare å identifisere og måle dei adopterte barna, i forhold til samanlikningsgruppene. Metoden som artikkelen er basert på er meta-analyse, dvs. analysering av data frå ulike folkeregister og undersøkingar i Sverige. Desse registera er svensk folke- og husteljing av 1985, det nasjonale svenska foreldreregisteret og registeret over heile den svenska befolkninga.

Samanlikningsgruppene tok utgangspunkt i den generelle befolkninga, som her er representert av barn som er født i Sverige av to svensk-fødde foreldre. Søskengruppa

baserte seg på barn som hadde den same mora, faren eller begge foreldra som adoptivbarnet. Den siste gruppa bestod av ein eiga innvandrargruppe, beståande av barn som var fødd i Latin Amerika eller Asia, og som hadde kome til Sverige før sjuårsalderen, og i tillegg hadde ei mor som var fødd i deira opphavskontinent. Dei folka som hadde blitt studert i denne undersøkinga var barn som hadde blitt født mellom 1970-1979, og som framleis levde. I tillegg blei det tatt utgangspunkt i folk som oppheldt seg i Sverige i 1985 (Hjern et al., 2002, s. 443-445).

Samla sett viser artikkelen at utanlandsadopterte i Sverige har tre-fire gongar så høg risiko for å ha alvorlege psykiske utfordringar, og fem gongar så høg risiko for å bli narkotikaavhengige som samanlikningsgruppene. I tillegg har dei utanlandsadopterte to-tre gongar så høg risiko for å utføre kriminalitet og misbruke alkohol, samanlikna med andre samfunnsgrupper i Sverige, som lever i samanliknbare sosioøkonomiske omgivnadar (Hjern et al., 2002, s. 446). Bakgrunnen for at eg har valt å bruke denne artikkelen i oppgåva mi, er at den viser nokre vanlege utfordringar som utanlandsadopterte kan møte, dersom ein ikkje er oppmerksame på dette heilt frå tidleg alder. I tillegg synest eg at dei kriteria som artikkelen brukte, nemleg psykisk helse, sosial mistilpassing, rusmiddelmisbruk og kriminalitet, fungerer som gode indikatorar for å undersøkje om ein kan snakke om resiliens, og eventuelt i kva grad som ein kan finne av det i denne gruppa med barn og unge.

## **Artikkelen 2: Fostering security? A meta-analysis of attachment in adopted children**

Denne artikkelen er skriven av Linda van den Dries, Femmie Juffer, Marinus H. van IJzendoorn og Marian J. Bakermans-Kranenburg. Den er publisert i tidsskriftet Children and Youth Services Review. Artikkelen omhandlar i kva grad adopterte har ei trygg tilknyting til sine omsorgspersonar. I tillegg har forfattarane bak studien samanlikna adopterte barn med barn i fosterheim. Dette fordi mange fosterbarn og adopterte barn har mykje til felles. Årsaka til at artikkelen samanliknar grad av tilknyting mellom adoptivbarn og fosterbarn, er at begge gruppene har opplevd å bli separert frå sine biologiske foreldre, og hamna i nye familiar som gjev omsorg til dei. Ein annan likskap mellom adopterte og fosterbarn, er at begge gruppene ofte har vaks opp under

dårlege forhold før dei vart plassert i ein ny familie, t.d. ved omsorgssvikt eller vald i heimen (Dries et al., 2008, s. 411).

Vidare baserer artikkelen seg på litteraturstudie som metode, og den tar utgangspunkt i studiar gjort på bakgrunn av 39 adopsjonar og 11 fosterheimsakar (Dries et al., 2008, s. 413). Forskarane bak artikkelen har i studien ikkje tatt utgangspunkt i noko spesifikk aldersgruppe, men dei skil mellom om barnet ved adopsjonstidpunktet har fylt eit år eller ikkje. Forfattarane baserte artikkelen sin også på nokre utvalde hypotesar for kva resultat dei trudde dei ville finne i dei valte studiane.

Ein av desse hypotesane var at adopterte barn ville vise mindre sikker tilknyting og meir desorganisert tilknyting, samanlikna med barn som lever i lag med sine biologiske foreldre. Denne hypotesen setter forskarane i samanheng med at barn som hadde levd i lag med sine nye foreldre for ein lengre tidsperiode, også ville vise ein betre relasjon til foreldra sine, samanlikna med barn som berre hadde budd hos sine nye foreldre i ein kort periode. Den siste hypotesen som artikkelen baserte seg på, er at barn som kjem frå Aust-Europa ville vise mindre trygg tilknyting, og meir desorganisert tilknyting, samanlikna med barn som er adoptert frå andre kontinent (Dries et al., 2008, s. 412).

Resultata som forskarane fant basert på desse to hypotesane, var at barn som hadde blitt adoptert etter sitt første leveår, viste tydeleg teikn på å ha utvikla fleire former for utrygg tilknyting, samanlikna med barn som ikkje har blitt adoptert. Det andre resultatet forskarane fant ut, var at barn som hadde blitt adoptert frå Aust- Europa oftare hadde utvikla ein meir utrygg tilknytingsstil, i forhold til for eksempel barn adoptert frå Asia. For å finne ut av årsaka til denne forskjellen, peika forskarane på at barn adoptert frå Aust-Europa oftare hadde erfaringar med alvorleg omsorgssvikt, noko som desse barna så ville ta med seg vidare i tilknytinga til sine nye foreldre. Ei mogleg feilkjelde her, som forskarane peikar på i artikkelen, er at dei ikkje hadde moglegheit til å undersøkje kva barna hadde opplevd i sitt opphavslend, i samband med kor gammalt barnet var ved tidspunktet for adopsjonen. Dette gjorde det difor vanskelegare å undersøkje kva type vanskar som var spesifikke for barn som var adoptert frå dei ulike landa (Dries et al., 2008, s. 417).

Eg vurderer denne artikkelen som relevant i forhold til oppgåva mi, fordi den utforskar kva form for tilknyting som utanlandsadopterte barn har. Den viser at alle barn som er adopterte, både utanlands- og innlandsadopterte i større grad enn barn som ikkje er adopterte, viser teikn på uthyggs tilknyting. Den viser også at alderen på barnet ved adopsjonstidspunktet, og opphavslivet til barnet har mykje å seie for kvaliteten på denne tilknytinga mellom barnet og foreldra. I oppgåva mi fokuserer eg på utfordringar som barn i alderen 0-5 år kan oppleve i Norge, og i denne aldersgruppa er tilknyting grunnleggjande for at barnet skal kunne knyte seg til omsorgspersonane sine, og nyttiggjere seg av dei i si utforsking av verda (Dries et al., 2008, s. 418).

### **Artikkelen 3: How well do children who are internationally adopted acquire languages? A meta-analysis**

Denne artikkelen er skriven av Kathleen A. Scott, Jenny A. Roberts og Sharon Glennen, og er publisert i tidsskriftet Journal of Speech, Languages and Hearing Research. Den omhandlar korleis utanlandsadopterte barn evner å lære seg eit nytt språk, når dei blir adoptert til eit nytt land. Metoden forfattarane har brukt er meta-analyse, ved å analysere allereie publiserte artiklar kring dette temaet (Scott et al., 2011, s. 1153-1154). Forskarane har vidare analysert studiar som har blitt publisert i åra mellom 1982 til 2009. Deltakarane i dei studiane som forfattarane valte ut til analysen sin, var barn som var mellom 18 månader gamle, og heilt fram til vaksenalderen ved tidspunktet for gjennomføringa av studiane (Scott et al., 2011, s. 1161).

Årsaka for at eg har valt å ha med denne artikkelen, er blant anna at den baserer seg på analysar av mange studiar som allereie eksisterte innanfor temaet utanlandsadopterte si språkutvikling. Med andre ord gir den ei god oversikt over den kunnskapen som allereie eksisterer innanfor dette temaet. I tillegg viser artikkelen til blant anna at utanlandsadopterte i ei viss utstrekning har eigne utfordringar knytt til språk, som følgje av at denne gruppa med barn har ei anna form for språkutvikling. I artikkelen vert denne spesifikke språkutviklinga blant utanlandsadopterte omtalt som tileigninga av eit andre førstespråk, og det inneber nokre andre utfordringar knytt til utvikling av språk, i forhold til ikkje- adopterte barn (Scott et al., 2011, s. 1153).

### **3.2 Kjeldekritikk**

#### **Suicide, psychiatric illness, and social maladjustment in intercountry adoptees in Sweden: a cohort study:**

Eit aspekt som ein kan omtale som kritikk mot denne artikkelen, er at den tar utgangspunkt i data samla inn frå ulike offentlege register i Sverige. Sjølv om både Norge og Sverige er ein del av Skandinavia, og dermed er to land som har mykje til felles, er det likevel nokre forskjellar. Ein av dei viktigaste forskjellane mellom Norge og Sverige innanfor adopsjonsfeltet, er at Sverige har eit eige oppfølgingstilbod for utanlandsadopterte, mens Norge derimot ikkje har noko liknande tilbod i dag (Folkehelseinstituttet, 2021, s. 40-42).

Ein annan ting som eg er kritisk til i artikkelen, er at den er frå 2002. På den tida som har gått sidan då, kan det potensielt vere mykje som har blitt forandra, t.d. kring lovverk og praksis innanfor adopsjonsfeltet. Når eg likevel har valt å nytte meg av artikkelen på tross av dette, er det med grunnlag i at eg ikkje fant andre gode artiklar om det same temaet frå ein nyare dato. Eg tar med denne artikkelen, fordi eg synest at den på ein god måte viser kva utfordringar som utanlandsadopterte kan oppleve i eit land som på mange måtar er veldig likt Norge. Etter å ha sett på kvar artikkelen var publisert, kven som var forfattarane, kva tema artikkelen omhandla og om den framstod som påliteleg, vurderte eg til slutt artikkelen som eigna, i forhold til problemstillinga mi (Aveyard, 2019, s. 108).

#### **Fostering security? A meta-analysis of attachment in adopted children**

Ei kritisk innvendig mot artikkelen, er at forfattarane baserte seg på eit fåtal studiar i sin analyse. Dette medførte for eksempel at forskarane berre kunne samanlikne på eit kontinentnivå, og ikkje i forhold til ulike land. Eit anna aspekt som kan kritisera, er at den berre samanliknar barn som er adoptert før eller etter å ha fylt eitt år. Eg vil også peike på det faktumet at artikkelen er frå 2008, og dermed begynner å bli litt gammal. Eg valde likevel å bruke den, basert på at eg ikkje klarte å finne nyare artiklar innanfor dette temaet (Dries et al., 2008, s. 418-419).

## **How well do children who are internationally adopted acquire languages? A meta- analysis**

I denne artikkelen er eg kritisk til blant anna at hovuddelen av dei studiane som artikkelen baserer seg på, tar utgangspunkt i adopterte under eitt år. Med tanke på at språkutviklinga hos barn begynner rundt denne tida, hadde det vore ein fordel å også ha med studiar som er gjennomført på større barn (Håkonsen, 2014, s. 175-176). Ein annan ting ved artikkelen som ein kan kritisere, er at det ikkje finnест ein felles måte å vurdere språkutvikling hos barn. Det finst heller ingen einigheit om kven som skal reknast som ei eigna samanlikningsgruppe, for å samanlikne språk mellom utanlandsadopterte og andre barn (Scott et al., 2011, s. 1161-1165).

### **3.3 Tematisering av funn i artiklane**

Med bakgrunn i desse nemnde artiklane, har eg valt ut tema språkutvikling, resiliens og tilknytingsutfordringar for den vidare drøftinga, med utgangspunkt i problemstillinga mi. Årsaka til at eg har valt desse tema, er at dette er område som eg er interessert i å lære meir om, og at dette er potensielle faktorar der utanlandsadopterte barn i stor grad kan skilje seg frå andre barn. Eg ønskete difor å utforske om det eventuelt eksisterte nokre slike forskjellar og i tilfelle kvifor (Aveyard, 2019, s. 141).

## **4.0 Teori**

I denne delen vil eg kort gjere greie for den teorien eg har brukt i oppgåva mi. Eg byggjer på tilknytingsteorien, som igjen er ein del av utviklingspsykologien til barn. Dette med bakgrunn i at artikkelen Fostering security? A meta-analysis in adopted children, tar for seg tilknyting blant utanlandsadopterte. I tillegg er den aldersgruppa på 0-5 år som eg undersøkjer, den viktigaste fasen når det gjeld å utvikle ein tilknytingsstil. Teorien min tar også for seg fenomenet resiliens i samband med adopsjon.

Bakgrunnen for dette er at nyare forsking viser at utanlandsadopterte som gruppe har større sannsyn for å utvikle alvorlege utfordringar seinare i livet, samanlikna med resten av befolkninga. Her har eg valt å diskutere dette omgrepet gjennom artikkelen

Suicide, psychiatry illness and social maladjustment in intercountry adoptees in Sweden: a cohort study (Hjern et al., 2002, s. 443).

#### 4.1 Tilknyting

Tilknyting kan definerast som eit emosjonelt band som oppstår mellom barnet og ein spesifikk annan person. Dette bandet bind dei saman og varer over tid, og kjem til uttrykk i forskjellige former for tilknytingsåtferd hos barnet. Det er vanleg å dele tilknyting vidare i to hovudkategoriar: trygg og utrygg tilknyting. Dersom eit barn har trygg tilknyting til nokon, inneber det at barnet søker nærliek og kontakt hos sin omsorgsperson. Utrygg tilknyting kan ein omtale som at barnet føler seg utrygg på omsorgspersonane sine, og det kan kome til uttrykk på forskjellige måtar. Trygg tilknyting som omtalt her omfattar alle barn, sjølv om adoptivbarn kan ha større utfordringar knytt til dette enn andre barn (Håkonsen, 2014, s. 46-48). Ein annan måte ein kan snakke om utrygg tilknyting på, er omgrepet tilknytingsvanskar.

Dei ulike tilknytingsstilane ein kan ha er: trygg tilknyting, utrygg tilknyting, ambivalent tilknyting og desorganisert tilknyting. Desorganisert tilknyting, ambivalent tilknyting og utrygg tilknyting hører alle saman under definisjonen utrygg tilknyting. Eg vil no forklare kort kva dei ulike tilknytingsstilane går ut på.

##### Trygg tilknyting

Trygg tilknyting er når barnet er trygg og har ein god relasjon til foreldra sine, noko som vanlegvis vil dekkje alle behova som det nyfødde barnet har, både psykisk, emosjonelt og fysisk. Frå eit barn er født og tida etterpå, er det viktig at foreldra evner å møte barnet sine behov på ein adekvat og sensitiv måte, for å utvikle denne forma for tilknyting mellom dei (Håkonsen, 2014, s. 48).

##### Utrygg tilknyting

Ved denne forma for tilknyting, er barnet ofte avisande ovanfor foreldra sine. Desse barna har ofte like lett for å knytte seg til framande, som til foreldra sine, dvs. dei har ein ikkje-diskriminerande tilnærming til andre vaksne. Dette kan resultere i at barnet

brukar andre menneske til å dekkje behovet sitt for omsorg og nærliek, i staden for å berre bruke foreldra til å dekkje dette behovet (Håkonsen, 2014, s. 48).

#### Ambivalent tilknyting

Denne forma for tilknytingsstil, inneber at barnet både ønskjer og avviser omsorg og kontakt med foreldra sine. Denne vekslinga mellom ønsket om nærliek og samtidig oppnå distanse, kan skje frå ein augneblink til ein annan. For dei omsorgspersonane som skal prøve å hjelpe desse barna, kan dette bli vanskeleg då det er utfordrande å vite kor barnet til ei kvar tid er emosjonelt (Håkonsen, 2014, s. 48).

#### Desorganisert tilknyting

Desorganisert tilknyting oppstår når barnet ikkje veit heilt korleis det skal reagere på ukjente situasjonar, og ikkje søker kontakt med foreldra sine for bistand. Desse barna kan reagere på måtar som står i stor kontrast til kvarandre. Til dømes kan dei framstå som veldig usikre og apatiske i ein situasjon, mens dei i ein annan situasjon kan opptre som om dei har mykje energi og livslyst. Barn med desorganisert tilknyting har den mest alvorlege forma for tilknytingsforstyrring. Dette fordi desse barna då ikkje har nokon fast form for tilknytingsstrategi (Håkonsen, 2014, s. 48).

## 4.2 Resiliens

Resiliens er enkeltpersonar si evne til å handtere stress og katastrofar. Kort fortalt kan ein definere det som enkeltpersonar si evne til god fungering til tross for alvorleg risiko. Dette kan for eksempel inneber omsorgssvikt, psykologisk mishandling, sosial nød, katastrofar og krig eller terror (Borge, 2018, s. 11). I denne oppgåva bruker eg det om barn som viser motstandsdyktigheit ovanfor store psykiske og fysiske utfordringar under oppveksten, men som til tross for dette klarer seg overraskande bra seinare i livet.

I kva grad ein kan snakke om at eit barn har utvikla resiliens eller ikkje, avhenger i stor grad av barnet sjølv. Her spelar faktorar som til dømes genetikk, temperament, oppvekstforhold og mykje anna, ei stor rolle for i kva grad eit barn som har opplevd alvorlege hendingar, vil vise teikn på resiliens i ettertid (Frank, 2020). Eit anna ord som

ofte vert brukt i daglegtale for å omtale desse barna som utviklar resiliens er «løvetannbarn», då løvetann i denne samanhengen vert brukt som eit symbol på motstand (Borge, 2018, s. 26).

## **5.0 Utfordringar som adopterte barn kan oppleve i Norge**

Problemstillinga mi i denne oppgåva er: kva utfordringar kan utanlandsadopterte barn i alderen 0-5 år møte i Norge. På bakgrunn av dette har eg valt ut nokre spesifikke tema, som eg ønskjer å utforske meir i denne delen av oppgåva. Desse tema er tilknyting, resiliens og språk. Artiklane eg har valt å ta utgangspunkt i for å diskutere desse tre tema er: Fostering security? A meta-analysis of attachment in adopted children, Suicide, psychiatric illness, and social maladjustment in intercountry adoptees in Sweden: a cohort study og How well do children who are internationally adopted acquire language? A meta-analysis.

### **5.1 Tilknyting**

I løpet av barnevernsutdanninga har eg lært at noko av det mest grunnleggjande som eit barn treng for å kunne ha ein god start på livet, er ei trygg tilknyting til omsorgspersonane sine. Håkonsen, 2014 definerer i si bok tilknyting som noko som vert dannet mellom barnet og omsorgspersonane. Det som vert skapt vert omtalt som eit kjenslemessig band, som i sin tur dannar grunnlaget for utviklinga av barnets sjølvoppfatning, tryggleik og tillit (Håkonsen, 2014, s. 46). Som regel vil barn starte med å knytte seg til foreldra sine heilt frå fødselen, men dei kan også knytte seg til andre omsorgspersonar som barnet har rundt seg seinare i livet. Likevel er den første tilknytinga mellom barnet og foreldra på mange måtar den viktigaste, då den i stor grad vil avgjere kva tilknytingsstil barnet vil utvikle seinare i livet (Håkonsen, 2014, s. 47).

Ein annan grunn til at trygg tilknyting frå starten av er så viktig, er at ein trygg tilknytingsstil er viktig for den emosjonelle utviklinga til barnet. Dette gjer det lettare for barnet å både regulere sine eigne følelsar, men også for å utvikle empati og forståing for andre sine kjensleuttrykk (Adopsjonsforum et al., 2009, s. 23-34). Barn som blir møtt av omsorgspersonar som er sensitive og oppmerksame på barnets

behov, vil i stor grad sjå på verda som ein trygg stad. Barn som derimot ikkje har blitt møtt med den same sensitiviteten, vil oppleve verda som ein stor og utsiktsrik plass (Dries et al., 2008, s. 412).

Nokre av dei funna som forfattarane fant i artikkelen «Fostering security? A meta-analysis of attachment in adopted children», er at adoptivbarn som regel er like tilknytt sine omsorgspersonar som andre barn, men at barn som har blitt adopterte etter fylte eitt år, viser meir utsiktsrik form for tilknyting enn ikkje-adopterte barn. Eit anna funn i artikkelen var at adoptivbarn i større grad viser teikn på desorganisert tilknyting, samanlikna med barn som ikkje er adoptert (Dries et al., 2008, s. 417).

Mange barn som er adoptert frå utlandet i alderen 0-5 år, har ofte vore heile eller store delar av livet sitt før dei vart adoptert på ulike institusjonar i heimlandet, slik som til dømes barneheim. Mange har også vore i fosterheim (Dries et al., 2008, s. 411). Mange av desse barneheimane i landa som dei utanlandske adoptivbarna kjem frå, er ofte kjenneteikna av at det er mange barn og få omsorgspersonar tilgjengeleg. Ofte har slike barneheimar også vore prega av mangel på både fysisk, psykisk og emosjonell stimuli frå dei vaksne på barneheimen (Dries et al., 2008, s. 411). Ettersom 90 % av dei utanlandsadopterte barna har oppholdt seg på barneheimar eller liknande institusjonar dei første leveåra, vil forholda som desse barna har levd under før adopsjonen, difor ha stor betydning for den seinare utviklinga til barna (Dalen, 2021).

Ein del av desse barna vil frå tidleg alder difor ha utvikla ulike former for utsiktsrik tilknytingsstil ovanfor nye menneske, og vil ofte ta dette med seg i møte med sine nye adoptivforeldre. Det at adoptivbarnet klarer å knytte seg til sine nye adoptivforeldre, er også grunnleggjande for at barnet skal tilpasse seg den nye situasjonen sin i etterkant av adopsjonen. Her vil sosialiseringssprosessen vere ein viktig faktor, då adoptivforeldra vil ha ei viktig rolle med å hjelpe barnet med å forholde seg til alt som er nytt i det nye landet, som til dømes språk, kultur og normer og reglar. Sosialisering, som også omfattar sosialiseringssprosessen definerer eg som prosessen der ein lærer kva sosiale forventningar som finst i samfunnet ein lever i,

og kva åtferd som samfunnet ser på som akseptabel (Flaten & Sollesnes, 2016, s. 36).

For mange utanlandsadopterte barn som før adopsjonen har levd under dårlege forhold, er meininga med adopsjon at det skal bidra til at desse barna får eit betre liv. Gjennom sensitive og trygge adoptivforeldre, som møter barnet på sine kjensleuttrykk, er adoptivforeldra grunnleggjande i å hjelpe barnet med å utvikle og styrke ein trygg tilknytingsstil ovanfor personar og omgjevnadane rundt seg. Her vil likevel alderen til barnet ved tidspunktet for adopsjonen, forholda som barnet levde under før adopsjonen og adopsjonsforeldra si evne til å vere gode omsorgspersonar, vere heilt grunnleggjande for den vidare utviklinga til barnet (Dries et al., 2008, s. 418-419).

Dette kan ein også sjå i samanheng med at det i Norge er strenge reglar og krav knyt til kven som får lov til å adoptere barn frå utlandet. Som eg har vist til tidlegare i oppgåva under kapittel 4 om dei juridiske rammene rundt adopsjon, stiller både adopsjonslova frå 2017, FNs barnekonvensjon og Haagkonvensjonen krav om at adopsjon berre skal gjennomførast viss det er til barnet beste. I Norge er det også krav om at alle adoptivsøkjrarar må bli førehandsgodkjent av myndighetene, og må gjennomføre adopsjonsforberedande kurs. Bakgrunnen for desse strenge krava, er nettopp kunnskapen om at mange adoptivbarn ofte har behov for ekstra oppfølging og omsorg. Dei strenge krava som vert stilt til framtidige adoptivforeldre, eksisterer difor for å sikre at barnet skal få eit best mogleg liv etter at adopsjonen er gjennomført (Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, 2020, s. 32-34).

## 5.2 Resiliens

Artikkelen: Suicide, psychiatric illness, and social maladjustment in intercountry adoptees in Sweden: a cohort study, viser til mange aspekt av korleis barn som har blitt adoptert frå utlandet i Sverige klarer seg i etterkant av adopsjonen.

Blant anna viser artikkelen til at utanlandsadopterte barn i Sverige generelt sett har større utfordringar, samanlikna med resten av befolkninga. Artikkelen utforskar vidare i kva grad dei barna som er adopterte frå utlandet klarer seg, med fokus på faktorar

som sjølvmord, psykisk helse og sosial mistilpassing (Hjern et al., 2002). Sjølv om nokre av desse faktorane, slik som sjølvmord er lite relevant for den målgruppa med barn som eg undersøkjer grunna alderen, tenkjer eg likevel at det viser på ein god måte kva som til slutt kan bli konsekvensen, dersom desse barna ikkje får tilfredsstillande hjelp så tidleg som mogleg.

Det forfattarane bak denne artikkelen fant ut, var at utanlandsadopterte på generelt grunnlag hadde større risiko for å utføre sjølvmord og sjølvmordsforsøk, i forhold til resten av befolkninga. I tillegg var denne gruppa i større risiko for å utvikle psykiske utfordringar, og for å ha utfordringar med å tilpasse seg samfunnet. Artikkelen viser også til at alderen på barnet ved tidspunktet for adopsjonen har mykje å seie for den adopterte sin grad av fungering seinare i livet, med fokus på at dess større barna var ved adopsjonstidspunktet, dess større var sannsynet for at barnet ville oppleve utfordringar knytt til psykiske vanskar og sosial mistilpassing i ettertid (Hjern et al., 2002, s. 445-446).

Psykisk helse, sosial tilpassing og rusmisbruk er alle faktorar som i denne artikkelen vert brukt for å måle i kva grad dei adopterte barna som har opplevd alvorlege ting tidlegare i livet, har klart seg samanlikna med andre barn og unge i Sverige (Hjern et al., 2002, s. 445). Ein annan måte ein kan sjå på dette, er at dess færre slike utfordringar desse adopterte har, desto større er sjansen for at dei har utvikla resiliens. Som eg har vist til tidlegare har mange utanlandsadopterte barn i Norge ofte levd under dårlige forhold i forkant av adopsjonen, og mange vil difor vere påverka av dette i meir eller mindre grad. Likevel er det også mange av dei adopterte barna som klarer seg bra, til tross for dei store belastningane dei har opplevd før adopsjonen (Hjern et al., 2002, s. 446).

Ein kan difor snakke om at mange av dei utanlandsadopterte barna viser stor grad av resiliens, dvs. god fungering tross store belastningar. Særleg tatt i betraktnsing at mange av dei utanlandsadopterte barna før adopsjonen, ofte har levd den første delen av livet sitt under relativt dårlige forhold i heimlandet, som til dømes fattigdom, undernæring, vald, rus og omsorgssvikt (Hjern et al., 2002, s. 447). Når det gjeld i kva grad dei minste adoptivbarna oppnår resiliens, er det grunnleggjande å sjå på

kva forhold barnet har levd under før adopsjonen. Her vil det å vekse opp på barneheim eller liknande institusjonar generelt ha meir negative konsekvensar for barnet, samanlikna med det å bu i fosterheim.

Dei dårlege forholda på mange barneheimar i andre land med blant anna få vaksne og lite omsorg, kan føre til at desse barna får skadar angåande tilknyting, hjerneutvikling og sosial utvikling (Nordanger & Braarud, 2017, s. 66-67). Det at mange av dei utanlandsadopterte barna har levd i fattigdom i heimlandet, kan og ha negativ påverknad på den viktige hjerneutviklinga som skjer dei første leveåra. Dette på grunn av at det er i løpet av eit barns første leveår den største hjerneutviklinga skjer, og det er då den viktigaste tilknytinga mellom barnet og omsorgspersonen finn stad (Nordanger & Braarud, 2017, s. 39-48).

Eit anna viktig moment i spørsmålet om resiliens blant utanlandsadopterte, er alderen på barnet ved adopsjonstidspunktet. Artikkelen Suicide, psychiatric illness, and social maladjustment in intercountry adoptees in Sweden: a cohort study, viser til at sannsynet for at ein som er utanlandsadoptert skal oppleve utfordringar etter adopsjonen, aukar dersom barnet er eitt år eller meir ved gjennomføringa av adopsjonen. Vidare i artikkelen vert det vist til at dette kan skuldast at det vert vanskelegare for barnet å knyte seg til sine nye foreldre, samanlikna med om barnet vart adoptert som baby. For større barn kan endringar knytt til for eksempel kultur og språk, vere ein risikofaktor også etter at adopsjonen er gjennomført. Dette ved at det vert vanskelegare for dei eldre barna å tilpasse seg den nye situasjonen sin, med alt det innebere (Hjern et al., 2002, s. 447).

### **5.3 Språk**

Språk er ein grunnleggjande del av alle barn sin utviklingsprosess, og er ein viktig faktor for å bli sosialisert inn i det samfunnet ein lever i. For dei fleste barn startar språkutviklinga rundt eittårsalderen, og i denne fasen spelar foreldra ei grunnleggjande rolle i å oppmuntre og utvikle barnet sitt språk. Frå eittords-stadiet og vidare til meir samansette ord, og til slutt heile setningar. I tillegg til dette, vil eit barn lære at språket fungerer som eit kommunikasjonsmiddel, som gjer det lettare å forstå

dei sosiale normene og reglane som eksisterer i det samfunnet barnet veks opp i (Håkonsen, 2014, s. 174-176).

I artikkelen How well do children who are intenatinally adopted acquire Inagauges? A meta-analysis vert det peikt på at adopterte barn har ei anna språkutvikling, samanlikna med ikkje-adopterte barn. Denne artikkelen viser til at det er særleg to faktorar som spelar ei avgjerande rolle, når ein skal vurdere utanlandsadopterte barn si språkutvikling. Ein av desse faktorane er alderen på barnet ved tidspunktet for adopsjonen. Årsaka til at aldersperspektivet er viktig her, er at det ofte har samanheng med kva forhold desse barna har levd under i forkant av adopsjonen. Dess mindre språkleg stimulering barnet har fått i dei første leveåra, dess dårlegare grunnlag har barnet for å lære seg nye språk seinare. Den andre faktoren som vert peikt på i artikkelen, er alderen på barnet ved tidspunktet for språktestinga (Scott et al., 2011, s. 1154).

Dei viktigaste funna i denne artikkelen, er at det blant utanlandsadopterte barn er store forskjellar i språkutviklinga, på lik linje med andre barn. Likevel har denne gruppa gjennomgåande større vanskar med å lære seg språket, enn barn som ikkje er adopterte. Her spelar alderen ein viktig faktor, ved at dess yngre barnet er ved adopsjonstidspunktet, dess mindre utfordringar har dei med å lære seg språket. Dersom barnet vert adoptert før eittårs-alderen, har det mindre sannsyn for å utvikle språkvanskar. Dette kan ha samanheng med at det er i det første leveåret at grunnlaget for språk hos barn vert utvikla, og barn som vert adopterte før dette tidspunktet, difor har mindre sannsyn for å utvikle språkutfordringar. Dette fordi desse barna då får ei meir normal språkutvikling (Scott et al., 2011, s. 1164).

I forhold til barn i alderen 0-5 år, er utviklinga av eit språk særleg viktig. Dette grunna at det er i løpet av dei første leveåra at barnet lærer å snakke og kommunisere med andre menneske. Ein viktig forskjell er at utanlandsadopterte barn har ei anna form for språkutvikling, samanlikna med ikkje-adopterte barn. Dette ved at barn som ikkje er adopterte berre lærer eitt språk, eventuelt to språk dersom dei er fleirspråklege. Til samanlikning lærer utanlandsadopterte barn først eit språk før adopsjonen, dvs. morsmålet, for deretter å lære seg språket i det nye landet dei har blitt adopterte til.

Dermed får desse barna ikkje ei kontinuerleg språkutvikling, men får eit brot ved overgangen til eit nytt språk (InorAdopt et al., u. å., s. 12). Blant forskarar har det i dag blitt vanleg å kalle denne spesielle språkutviklinga hos barn som har blitt utanlandsadopterte for «a second first-languages acquisition» (Scott et al., 2011, s. 1153).

Artikkelen om språk viser også at sjølv om mange av dei barna som har blitt adopterte, i det store bildet ikkje skil seg nemneverdig ut frå andre barn når det gjeld språkutvikling, er bildet annleis når barnet har blitt større, og særleg etter at barnet har nådd skulealder. Forfattarane peikar på at dette skilnaden kan skuldast at dess eldre desse barna blir, dess større blir krava til god språkforståing. Desse krava framstår som ekstra tydeleg på skulenivå og vidare (Scott et al., 2011, s. 1164).

Ein måte å sjå på dette, er blant anna at ved adopsjon av småbarn som i utgangspunktet lett tar til seg eit nytt språk, kan det likevel vere viktig for dei vaksne rundt barnet å vere oppmerksame på at utfordringar med språket, kan komme meir til syne etterkvart som barnet vert eldre. Her vil metodar for tidleg å oppdage og rette opp i slike utfordringar, vere grunnleggjande for å sikre at utanlandsadopterte barn får ei god språkutvikling på lik linje med andre barn (Scott et al., 2011, s. 1164).

## 6.0 Oppsummering

I denne bacheloroppgåva har eg funne ut at utanlandsadopterte barn er ei veldig samansett gruppe. Dei kjem frå ulike opphavsland, har ulike bakgrunnar og vert adoptert ved forskjellige aldrar. På bakgrunn av dette, er dei utfordringane som desse barna opplever også veldig individuelle. Likevel er det nokre utfordringar som går igjen, og som utanlandsadopterte barn som gruppe har høgare risiko for å oppleve, samanlikna med andre barn.

På grunn av dette, har eg i denne oppgåva valt å ta utgangspunkt i kva type utfordringar som utanlandsadopterte barn kan oppleve i Norge, med fokus på barn i aldersgruppa 0-5 år. Dei vanskane eg har valt å fokusere på i drøftinga mi, er tilknytingsvanskar, språkutfordringar, og utvikling av resiliens. Resultata som eg har

funne, er at utanlandsadopterte barn generelt sett har høyere risiko for å utvikle både tilknyttingsvanskar og språkvanskar, samanlikna med ikke-adopterte barn. Likevel klarer mange utanlandsadopterte barn seg overraskende bra seinare i livet, og evner difor å utvikle resiliens, mot dei utfordringane dei eventuelt måtte oppleve.

Det viktigaste inntrykket eg sit igjen med etter denne oppgåva, er at det er behov for meir forsking og kunnskap innanfor temaet utfordringar blant utanlandsadopterte barn i Norge. Eit område som det er særleg viktig å forske vidare på med bakgrunn i dette, er oppfølging blant utanlandsadopterte barn etter at adopsjonen er gjennomført. Med utgangspunkt i at «Tre av fire adoptivforeldre har barn som på eit eller anna tidspunkt har hatt vansk, og at ein tredjedel seier dei har barn med store og ofte samansette vansk» (Lunde, 2021), viser dette at behovet for meir forsking knytt til oppfølging blant denne gruppa med foreldre og barn i Norge er omfattande og nødvendig.

## 7.0 Litteraturliste

Adopsjonsforum, Verdens Barn & InorAdopt. (2009). *Adopterte barn og tilknytning* [Brosjyre]. <https://etteradopsjon.no/wp-content/uploads/2020/08/Adopterte-barn-og-tilknytning.pdf>

Adopsjonslova. (1986). *Lov om adopsjon* (LOV-1986-02-28-8). Lovdata.  
<https://lovdata.no/lov/1986-02-28-8>

Adopsjonslova. (2017). *Lov om adopsjon* (LOV-2017-06-16-48). Lovdata.  
<https://lovdata.no/lov/2017-06-16-48>

Aveyard, H. (2019). *Doing a Literature Review in Health and Social Care: A Practical Guide* (4. utg.). Open University Press.

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. (2020). *Saksbehandlingen ved søknad om innen- og utenlandsadopsjon*. [Rundskriv]. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet.  
<https://ny.bufdir.no/contentassets/ed7a489b2fbf4c808e4637c037e51450/rundskriv--->

[saksbehandlingen-ved-soknad-om-innen-og-utenlandsadopsjon-revidert-april-2021.pdf](#)

Barne-, ungdoms- og familielidirektoratet (Bufdir). (u.å.). *Adoptere barn fra utlandet.*

Henta 20. mai 2022 frå <https://ny.bufdir.no/adopsjon/adoptere-fra-utlandet/>

Borge, A. I. H. (2018). *Resiliens- risiko og sunn utvikling* (3. utg.). Gyldendal.

Buer, L. (2019, 18. september). *Adopterte må få mer hjelp.* Psykisk helse.

<https://psykiskhelse.no/bladet/2019/adopterte-0319>

Dalen, M. (2021, 9. november). Det er over 20.000 utenlandsadopterte barn i Norge.

Hva vet vi egentlig om dem? *Aftenposten.*

<https://www.aftenposten.no/viten/i/v595ow/det-er-over-20000-utenlandsadopterte-barn-i-norge-hva-vet-vi-egentlig-om-dem>

Dries, L. V. D., Juffer, F., IJzendoorn, M. H. V. & Bakermans-Kranenburg, M. J.

(2008). Fostering security? A meta-analysis of attachment in adopted children.

*Children and Youth Services Review, 2009(3)*, 410-421.

<https://doi.org/10.1016/j.chillyouth.2008.09.008>

Flaten, K. & Sollesnes, T. (2016). *Oppvekst og miljø: Barn og unges utvikling.*

Cappelen Damm.

Folkehelseinstituttet. (2021). *Bedre føre var OG etter snar. Utvelgelse og oppfølging av adoptivfamilier: Erfaringer og anbefalinger.* Folkehelseinstituttet: Område for psykisk og fysisk helse. Avdeling for barns helse og utvikling.

<https://www.fhi.no/globalassets/dokumenterfiler/rapporter/2021/bindre-fore-var-og-etter-snar.pdf>

Frank, K. (2020, 25. mars). *Hva er resiliens?* Norsk psykologforening.

<https://www.psykologforeningen.no/foreningen/aktuelt/aktuelt/hva-er-resiliens>

Hjern, A., Lindblad, F. & Vinnerljung, B. (2002). Suicide, psychiatric illness, and social maladjustment in intercountry adoptees in Sweden: a cohort study. *The Lancet*, 2002(Vol 360), 443-448. [https://doi.org/10.1016/S0140-6736\(02\)09674-5](https://doi.org/10.1016/S0140-6736(02)09674-5)

Håkonsen, K. M. (2014). *Psykologi og psykiske lidelser* (5. utg.). Gyldendal Norsk Forlag.

InorAdopt, Verdens Barn & Adopsjonsforum. (u.å.). *Adopterte barn og språk [Brosjyre]*. <https://etteradopsjon.no/wp-content/uploads/2020/11/Spra%CC%8Akhet-2020.pdf>

Lunde, A. L. (2021, 31. august). Ny rapport: Tre av fire adoptivforeldre har barn som har hatt vansker. *Aftenposten*. <https://www.aftenposten.no/norge/i/8Q5EAr/ny-rapport-tre-av-fire-adoptivforeldre-har-barn-som-har-hatt-vansker>

Naz, G. (2019, 31. mai). *Færre utenlandsadopsjoner*. Statistisk sentralbyrå. <https://www.ssb.no/befolkningsartikler-og-publikasjoner/faerre-utenlandsadopsjoner>

Nordanger, D. Ø. & Braarud, H. C. (2017). Utviklingstraumer: Regulering som nøkkelbegrep i en ny traumepsykologi. Fagbokforlaget.

Regjeringa. (2019, 16. desember). *Adopsjon*. <https://www.regjeringen.no/no/tema/familie-og-barn/innsiktsartikler/adopsjon/id2001623/>

Scott, K. A., Roberts, J. A., & Glennen, S. (2011). How Well Do Children Who Are Internationally Adopted Acquire Language? A Meta-Analysis. *Journal of Speech, Language, and Hearing Research*, 2011(4), 1153-1169. [https://doi.org/10.1044/1092-4388\(2010/10-0075\)](https://doi.org/10.1044/1092-4388(2010/10-0075)

Problemstilling: Kva utfordringar kan utanlandsadopterte barn i alderen 0-5 år møte på i Norge

mellom ord i samme kolonne  
OR

	Søkeord 1	Søkeord 2	Søkeord 3	Søkeord 4
Norsk	Barn	Utanlandsadopsjon	Utfordringer	Norge
Engelsk	Children/kids	Intercountry adoption	Challenges/ difficulties	Norway

Database / søkemotor / nettsted	Søkeord	Søkeord/ søkekombinasjoner	Antall treff (pr. ....)	Kommentarer til søker / treffliste (fyll ut etter behov)
	1	Adopsjonslova	4 460	
Idunn	2	Utfordringer blant utenlandsadopterte	222	Eg oppdaga fort at det var vanskeleg å finne fagstoff innanfor mitt tema på norsk, og valte difor å heller søker på engelsk.
Google Scholar				
Oria (HVL)	3	Utanlandsadopsjon i Norge	354	
Lovdata.no	4	Tilknytningsvansker hos barn i Norge	370	Dette er det første tema eg ønskte å utforske nærmare
Etteradopsjon	5	Språkutfordringer blant adopterte	54	Dette er det andre utfordringa eg ønskte å få meir informasjon om
Bufdir	6	Resiliens	9 450	Dette er det tredje temaet eg ville undersøke videre
	7	Intercountry Adoption or International adoption	26 900	
	8	Intercountry adoption in Norway	10 500	
	9	Intercountry adoption in Scandinavia	4 190	Eg syntest det var vanskeleg å finne norsk forsking innanfor dette temaet, så eg prøvde difor å utvide søker til å omfatte Skandinavia
	10	Difficulties upon adoption of children/kids between 0-5 age	67 900	Den aldersgruppa eg harv lat for problemstillinga mi
	11	Languages difficulties and adoption to European countries	480 000	
	12	Languages impairment (and/ or) adoption	32 000	
	13	"Intercountry adoption" and "language impairment"	57	

	14	"Intercountry adoption» and «attachment issues»	8 090	
	15	"Intercountry adoption» (and/ or) «attachment disorder" in Norway	20 800	
	16	Common issues intercountry adoption	23 300	

## Skjema for kritisk vurdering av artiklar:

Namnet på artikkelen/boka/ Referansen i APA-stil	Kvar/ korleis eg fann den	Mine kommentarar – kvifor eg valde denne?
Hjern, A., Lindblad, F. & Vinnerljung, B. (2002). Suicide, psychiatric illness, and social maladjustment in intercountry adoptees in Sweden: a cohort study. <i>The Lancet</i> , 2002(Vol 360), 443-448.	Eg fant denne artikkelen ved å søkje på som «resiliens» and «intercountry adoption» i Google Scholar.	Årsaka til at eg valde denne artikkelen er fordi den undersøkjer korleis det går med utanlandsadopterte barn i eit langtidsperspektiv i Sverige. Vidare er forskjellane mellom Norge og Sverige relativt små, slik at eg kunne bruke denne artikkelen til å gje eit bilete på korleis situasjonen er i Norge også. Dette vurderte eg som særleg viktig, då eg opplevde at det mangla mykje norsk forsking innanfor dette feltet.
Dries, L. V. D., Juffer, F., IJzendoorn, M. H. V. & Bakermans-Kranenburg, M. J. (2008). Fostering security? A meta-analysis of attachment in adopted children. <i>Children and Youth Services Review</i> , 2009(3), 410-421.	Denne artikkelen fant eg ved å søkje på orda «attachment issues» + «Intercountry adoption» i Google Scholar.	Eg valde å bruke artikkelen fordi den utforskar kva form for tilknyting som utanlandsadopterte barn har. Blant anna viser den at alle utanlandsadopterte barn i større grad enn ikkje adopterte barn, viser teikn på utrygg tilknyting eller andre formar for tilknytingsvanskar. I oppgåva mi har eg fokus på utfordringar som barn i alderen 0-5 år kan oppleve i Norge, og det er særleg i denne aldersgruppa at tilknyting er grunnleggjande for at barnet skal kunne knyte seg til omsorgspersonane sine.
Scott, K. A., Roberts, J. A., & Glennen, S. (2011). How Well Do Children Who Are Internationally Adopted Acquire Language? A Meta-Analysis. <i>Journal of Speech, Language, and Hearing Research</i> , 2011(4), 1153-1169.	Artikkelen fant eg gjennom å søkje orda «languages acquirement og «difficulties, saman med «intercountry adoption» i Google Scholar.	Eg valde denne artikkelen grunna, at den baserer seg på analysar av mange studiar innanfor temaet språkutvikling blant utanlandsadopterte. I tillegg viser artikkelen til at utanlandsadopterte i ofte har eigne språkutfordringar, som følgje av at desse barna har ei anna form for språkutvikling. Artikkelen omtalar språkutviklinga blant utanlandsadopterte, som tileigninga av eit andre førstespråk. Dette inneber difor nokre andre utfordringar knytt til språkutvikling, i forhold til ikkje- adopterte barn.

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. (2020). Saksbehandlingen ved søknad om innen- og utenlandsadopsjon. [Rundskriv]. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet.	Dette kjelda fant eg når eg sökte på dei juridiske reglane og rammene som finst rundt adopsjon i Norge. Dette gjennom å sökje inne på Bufdir og Bufetat sine heimesider. Eg fant då dette rundskrivet på heimesida til Bufdir, då det er dei som er utgivaren.	Eg valde dette rundskrivet fordi eg ønskte å ha med ein eigen opphåvedel som omhandla lovar og reglar knytt til adopsjon i Norge, dvs. dei juridiske rammene. Dette rundskrivet utgitt av Bufdir syntest eg difor forklarte dette på ein forståeleg måte, samtidig som det blei meir forståeleg korleis adopsjonsprosessen fungerer

# Høgskulen på Vestlandet

## Bacheloroppgåve

BSV5-300-BO-2022-VÅR-FLOWassign

### Predefinert informasjon

Startdato:	02-05-2022 09:00	Termin:	2022 VÅR
Sluttdato:	16-05-2022 17:00	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Bacheloroppgåve		
Flowkode:	203 BSV5-300 1 BO 2022 VÅR		
Intern sensor:	(Anonymisert)		

### Deltaker

Kandidatnr.:	467
--------------	-----

### Informasjon fra deltaker

Antall ord *:	7843	Egenerklæring *:	Ja	Jeg bekrefter at jeg har Ja registrert oppgavetittelen på norsk og engelsk i StudentWeb og vet at denne vil stå på uitnemålet mitt *:
---------------	------	------------------	----	---

Jeg godkjenner autalen om publisering av bacheloroppgaven min \*

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? \*

Nei

Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? \*

Nei